Imponerande standard over førjulskonserten

12.12.2010

Aleksander Rebaudo (lengst til høgre) var solist med Røysterett for alle.

Nok ein svært vellukka førjulskonsert i kyrkja er avvikla. Dette året vart vel 140 tella inn av kyrkjetenaren og sjølv om det var nokre færre enn i fjor har soknerådet all grunn til å vera fornøgd med oppslutnaden. Den musikalske og songlege standard var også imponerende høg.

Vegard Døssland imponerte igjen, Han spela også i sskulemusikken.

I andakten som prostiprest Pål Dale heldt berømma han prisverdig nok det lokale song- og musikkliv for å bera fram julebodskapen på denne måten. Ein slik ros bør rettast til fleire, men vi finn nok ein gong grunn til å trekkja fram dei unge talentane i bygda:

Camilla Myklebust song eigne songar

Vegard Døssland, som spela “O helga natt” og “Mitt hjerte alltid vanker”
så det minte oss om dei beste trompetistane i Skandinavia, Camilla Myklebust som ga lovande smaksprov frå eigen songproduksjon og Aleksander Rebaudo som nok ein gong imponerte då han var solist i “Jul, jul” saman med Røysterett for alle.

Og apropos koret: Denne gongen hadde det fleire med og song enda betre enn vi har høyrt dei på lenge - også relativt nyinnøvde julesongar som ”Eg synger julekvad” og vekselsongen av”Et barn er født” mellom kor og dirigent. Men best var dei nok også denne gongen med det nye arrangementet av “Glade jul”, som vi også fekk som allsong og i den tradisjonelle versjonen – av skulemusikken. Sjølv om dei ikke makta å stilla med fleire enn 12 musikantar er det all grunn til å berømma korpset for dei 7 julesongane frå inn- og utland som dei spela.

Trekkspelklubben sette eit passande punktum med kjende tonar av Bach
og nok ein gong fekk vi sanne at trekkspelet er eit mangfaldig og fint instrument.
Organist Reidar Algerøy bidrog også i høg grad til det positive heilheitsinntrykket.

-Det har vore ein flott konsert, konkluderte Reidar Myklebust i soknerådet. Han erklærte innleiingsvis at ”konserten vil gå av seg sjøl”.
Det gjorde den forsåvidt også, men alle er ikkje like flinke til å presentera seg sjølve og kva dei har å by på. Difor meiner vi at konserten vil tena på å ha ein samanbindande programleiar. Det vil heva standarden ytterlegare.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Skulemusikken klara seg godt med berre 12 musikantar



Trekkspelklubben spela Bach